

AVTALE

mellom Aukra kommune og Hustadvika kommune om landbrukssamarbeid

Aukra kommune og Hustadvika kommune inngår med dette avtale om at Aukra kommune skal kunne kjøpe landbruksfaglege tenester av Hustadvika kommune. Omfanget av avtalen er fastsett til 50% av eitt årsverk.

Tenestene dette omfattar er:

- Forvaltning av dei ulike tilskotsordningane gjennom jordbruksavtalen som er retta mot landbruksnæringa
- Forvaltning av kommunalt stimuleringsstiltak for landbruket i Aukra kommune
- Skogfaglege tenester
- Fagleg rådgjeving, inkludert teknisk planlegging
- Saker etter særlovene i landbruket
- Sakshandsaming av landbrukssaker
- Viltforvaltning

Til forvaltning av det kommunale stimuleringsstiltaket ligg annonsering av søknadsfrister, tilbod om utarbeiding av tekniske planar for tiltak, handsaming av søknader og føre kontroll med utbetalingar og økonomiforvaltninga av ordninga. Hustadvika kommune stiller dei medarbeidarane som er tilsette ved eining for Landbruk til disposisjon slik at det blir tilgang på ein breiast mogeleg kompetanse.

Aukra kommune må gi tilgang til dei dataverktøy og datasystem som er naudsynte for at tenestene skal bli utført på ein god måte. Dette inkluderer postmottak, fordeling av saker og arkivering.

Hustadvika kommune held sjølv kontorstad til ressursen. Når det er naudsynt, slik som i søknadsperioder, vert det stilt kontorstad til disposisjon i Aukra kommune.

Avtalen inneber ei økonomisk ramme på 341000,-. I dette beløpet ligg at Hustadvika kommune dekkjer alle kostnader og plikter som ligg til arbeidsgivar, også godtgjerdse for køyring m.v. som skjer i samband med tenestereiser til Aukra kommune. Hustadvika kommune fakturerer for desse tenestene kvart kvartal. Betalinga blir justert for kvart kalenderår i tråd med siste tal for årslønsvekst i kommunal sektor (jf.KS).

Avtalen er gjeldande frå 01.01.2020 og for ein minimumsperiode for 3 år. Avtalen kan deretter seiast opp av begge partar med ei gjensidig oppseiingstid på 12 månader. Oppseiing av avtalen må skje skriftleg.

Aukra.....



Hustadvika 21.01.2020


Per Sverre Ersvik
Kommunedirektør